

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Fylke: Vest Agder

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Lyngdal

Emne: Helsing, Fakter og Åtferd

Bygdelag:

Oppskr. av: Berline Skersmyr

Gard:

(adresse): Lyngdal

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Èg har samrædd meg med fleire, frå ymse kantar av heradet, helst gamle og minnige folk. Det meske samstava med mi røynsle. —

## SVAR

1. Èin brukar like røysler. Èr det „ja“ kan ein nikkas litt med hovudet; èr det „nei“, kan ein rista litt på hovudet, seelig når ein vil gjeva svaret meir tyngde.
  2. For om lag 50 år sidan helsa dei fleste på ein annan. Når dei gjekk forbi kvarandre på vegane. Det vor ikkje så mange langvegfararar, så dei fekk som regel ei helsing dei og. — Nå èr det berre kjende som helsar på ein annan.
  3. Det vor ingen regel for kven som skulle helsa først.
  4. Ved kvardaglege høve tok dei ikkje kvarandre i handa, men dei sa: „Goddag, takk for sisk“, eller dersom ein av dei voraste hadde vore i heimene og fått mat, så sa dei: „Din må ha takk for N. N.“ eller: „Din må ha takk for bodran, solike he alltid så måje kastova på dei.“
  5. Dei helsa meir hjarteleg på slektningar, tok ofte dei i handa. Måtte dei presten, tok mannfolk av seg halven eller hūva, likså om dei måtte ein annan embetsmann.
- Min far fortalde om ein mann, ein knekar, som kom inn på prost Lassons kontor. (Prest i Lyngdal frå 1854.) „Ja av Din halven“, sa presten til mannen som stod med ved døva. „Èg tek ikkje halven av for nokon“ <sup>på knekaren</sup> Presten gjekk bort og tok halven av hovudet. Og la

han på eit bord. Då han hadde utført ørendet  
ljå prosten, rusla han ut. "Ja hatten med den;  
kommanderte prosten. "Prosten he tege hatten, han  
ska få beholde han". Hatten hang i lang tid  
ute på kjøkenet i prestegarden.

Omlag på same tid kom det ein mann ein på  
str. Løvbergs kontor. Då han ikkje var svar nok  
til å ta av seg hatten, tok dokteren av seg han  
hatten og sende han med eit klakk i galub.

- 6. Det hadde ikkje nok å seia korleis dei heldt hatten.
- 7. Var folk (ca 50 år allunde) i høgtidsbinnad, så helsa  
dei meir høgtiddeleg på einannan.
- 8. Måtte dei einannan på kyrkjeweg, helsa dei  
i hand, endå om dei var nose grammar. Ved  
kyrkja, eller guldsteineta, tok dei seg god tid til  
å helsa på slekt, kjenningar og vener. Og då  
handhelsa dei allsid.
- 9. Ikkje kjente her.
- 10. Ei 88 år gammel kvinna fortel at ho som små-  
pænta hingsa at ein mann tok av seg hatten  
og snudde seg mot kyrkja då dei ringde for  
eit lik som skulle gravleggjast. Men det er  
få som hingsar den skikken.

11. Når folk møtte eit likfylgje, stogga dei, og  
mennene lyfte på hatten.

Det har også vore vauleg å "strø grønk" (små-  
hukka granbar) på veggen rett ut for huset,  
for likfylgjet for forbi, når det var slekt eller  
vener, som skulle gravleggjast. Eg trur at  
skikken held på å gå meir ut av bruk nå.

Når eit bruffylgje for forbi for 50-60  
år sidan, blei det fyrte av skot, auker med  
ei bårsa eller og med krutt. Dei hadde då  
borv små hol i fjellveggen og lagt krutt og

2887

lunta inn og fyrte av når fylgjet var i höveleg  
avstand. Det hender emmá at dei skyt til dra  
for brúrfolka. Det kunde ikkje så få ulykker i den  
eldre tída med denne skytinga. Hestane blei rette  
og sprang úk.

12. Det er ikkje kjend at ein helsa på visse ting og dyr.

13. Ein brukar seia „gomoren“ til om lag kl. 10.

Frá tí-tída til morkninga sa ein „god dag.“

„God kveld“ sa ein frá det mørkna når ein møtte  
ein eller kom inn i eit hus. Når ein skildesk eller  
gjekk frá huset, sa ein „god natt.“

„God middag“ har ikkje vore nemnande brúkk.

14. Eldre og vaksne folk synes helst det er latterleg  
á brúka „gomorn“ eller „morn“ miðt på dagen eller  
om kvelden.

15. Ein svarar til vanleg det som ein reknar for á  
vera det rette. (Sjá svar 13.)

16. Det er ikkje vorte vanleg á brúka „gomorn“  
heile dagarn. Men ungdom i „slengalderne“ har  
teke meir til med det i det siste.

17. Min far (f. 1848) og jamaldringane hans lærte  
eg brúka á seia „Signe arbeidet“, „signe strevet“,  
„signe laget“ og „signe maten.“ Det vanlege svaret var  
„takk.“ Svaret, når dei sa „signe kvila“, var: „Velkommen  
he.“ Det same kunne dei og svora når ein sa „signe  
laget.“ Nå er det sjeldan ein høyrer desse helsingane.  
„Hjelp på arbeidet“ sa dei også, når dei kom til ein som  
arbeidde. Den helsinga trur eg heldt seg lungst.

Helsinga „Guds fred“ høyrer ein ikkje, men det skulle vera  
ein omvendt kring 1860 som alltid brúka den helsinga i  
staden for „god dag.“ Han høyrde heime i Opsals bygda.

18. Vi kjemmer ikkje andre tiltalemåter med „Signe“ eller  
„velsigne.“

4,  
19. Dersom det er ein gjest som er innbeden til ei veitla, vil han helsa til alle som er inne, gjerne ta i hand, men han kan og bukkas og seia: „Goddag alle saman.“

20. „Kjønne eg får talt med deg, Pefred,“ eller, „Eg ville ha talt litt med deg, Pærut,“ var nok så vanlege ordelag, og så gjekk dei gjerne ut i eit anna rom.

21. Så langt fram som til 1900, var det ingen som banka på døra for dei gjekk inn, annars <sup>enn</sup> byvann kankende. Det kunne bli nemnd til grammane: „Hau banka på døra for han kom inn,“ så urvanleg var det.

Når er det så vanleg å banka på for ein går inn at ein legg merke til den som ikkje gjir det, ser med iending på han. Bør ho hyslyde i same hus, bankor dei alltid på for dei går inn, <sup>til stannan</sup> enda om dei bør regg i regg.

22. Når det banka på, svor ein som „kom inn“ eller „Versigod.“

23. Var det langframande, ukjende, bli han kankende skånende litt for dei bad han selja seg.

24. „Hakken eller hūna skulle han ta av seg straks han kom inn.“

25. „Sjå De får sidda ned,“ eller „Var sigod, ta plass.“

26. Var det ein god kjenning, kunne ein seia: „Sjå å finns deg ein stol.“

27. Ein tok seg alltid litt god tid. Dersom ikkje den framande sa noko, så sa mannen i huset: „Er det framande folk som er ude og fer?“ Han var så gjerne kven han var, og så bad dei han sitja ned. Eller også bad dei han sitja ned, og så kunne dei spyrja: „Kor er den mannen ifra?“

28. Sag mannen velkladd og „fin“ ut, så kunne dei ta ein stol å selja fram. Å turka av stolen er ikkje kjent.

29. Vertsfolkka gjekk ut på trapasa eller kinnok og tok mot dei, handhelsa og sa: „Nå va dakkje jille som kom.“ Nå seier mange berre „Velkommen“ og tek i hand.

30. Når dei gjekk, sa dei oftast: „Nå må dække ha farnel og takk for meg“, eller „farnel og takk for idag.“ „Du har lite å takka for“, eller „Ejel takk“, svor dei. Hadde dei ikke fått mat, svor dei: „Du har ikke noge å takka for.“

31. a. „Sykkes på reisa, nå må du ha det godt.“

b. Orda var ikke mange, handtrykket og augo sa meir. Det var eit skilt farnel, og „Må Gud vera med deg.“

32. Nei, det var ikke brukt her i bygda.

33. Foreldre kyste småbarna; men ikke barna foreldra, heller ikke andre i huslyden, slett ikke framande.

34. Anna uttrykk for å kysse er ikke kjent.

35. Å kysse på handa er ikke brukt her.

36. \_\_\_\_\_

37. Nei, heller ikke den skikken er kjent her.

38. Sjå svar til 33.

39. „Byta nase“ med mindre barn er kjent.

40. Både foreldra kunne gjera det; mellom syken var det ofte brukt, men berre i 5-6 års alderen, eller helst tidlegare. Sjeldan at framande gjorde det.

41. „Nå tog eg nasa di“, sa dei når dei tok nase mellom peike- og langfingeren og drog fingrane langs nase. Så hebdt dei handa knytt, og småbarna tok tak i handa og braut i fingrane, dei ville ha nase att. Når dei var litt eldre, skunda <sup>garna</sup> dei seg og tok nase av den vakone. Då laut dei setja nasene på plass att. Sæmlikt tok dei nase mellom kommel- og peikefingeren, eller la handa over nase og kneip litt.

42. Foreldra la ofte sin kjake inn i bil kjaken av små barn, men det var ikke noko sers namn på det. Ikke brukt mellom vakone.

(„Å ta halsemø" var gjort på den måten at foreldre eller syken tok med eit par fingrar inn på småbarnets sinn hals og „leika" eller „møet". Når dei hadde funne det, tok dei fingrane til sin munn og leksom smakke på „møet." Stundid leika dei eller „halsmøet" med munnem. Barnet lo alltid, og det var <sup>det</sup> nelt som var tanken med det.)

44. Eg har spurt fleire gamle folk, men dei seir at dei nyttar „gratulerer" og „heil lykke", snart det eine, snart det andre.

45. „Godt nytt år", („godt júl" seier fleire ennå), men det første var det mest vanlege. „Godt nytt år" var og er det vanlege ved nyårsskiftet. Eg har inntrykk av at dei gamle ikkje alltid nyttar faste uttrykk, men bruka meir eigne ord, t. d.: „Jammen var det gjeit du fekk ein søn", eller ved trøsting og brudbøyn: „Nå må dotte ha lykke heil samlied."

46. Ved dødsfall sa dei ofte: „Nå så er han flykka; bli han nøye klein på stikken? Det bli sakneleg for dotte nå." — Ved gravferda skulle ein av dei eldre i bedarlaget kvege liket.

47-48 Den som kvege liket, vende seg mot husek like før dei skulle fara, og sa: „Nå må dotte ha takk for han Lars." Han stod med hatten i henda då han sa desse orda. (Dette var vanleg i austre Eikebands skulekrins.) I Opsalskygda song dei oftast dette verset: „O, vordem han da gode natt i himlen er min sjelstak. —", like før dei fór frå heimem ned liket. Nede i dalen, lyfte berre mennene på hatten med same dei gjekk frå heimem ned liket. Eg har ikkje høyr noko sers manns på spørsmål 48.

49. Det er ingen som kjemmer til slike fatter her.

50. Min far (f. 1848) sa alltid „I" og „Jer" til sine foreldre og til folk som var gamle. Vi barn, som alle er fødte eller 1880, lykte det var rart når far bruka

2007

desse tilkaleformene. Eg hugsar heller ikkje at nokon brukar „I og Jer“ til far. Men eg høyde at fleire brukar dei til gamle folk. Den siste omam som av barna bli tilkalt med „I og Jer“, døyddes i 1935. Men det var berre i den heimen dei helst på med dei gamle tilkaleord så lenge.

Dei gamle sa mykje „du“ til folk dei kjende.

Til embetsmennene brukar dei helst titlane.

Var det ein heilt framande kunne dei seia slik: „Kor er den mannen ifrå?“

På heimgårdane seier dei ennå mykje „du“ til alle i krinsen og til folk dei kjemmer. (Ikke embetsfolk.)

I dalen seier dei „du“ til kvarandre på dei største gardane og til folk dei har samkvæme med.

Men det går meir og meir over til å brukar „de“ til dei som er langt frå; og sjølvsagt til embetsfolk, og framande brukar dei „de“. Men det er helst noko uklårt; ein kan ikkje seia at alle brukar tilkaleordet likk. Gamalt og nytt byttest. —